

SAMEIET HALLBJØNN AP. STØLSGRENDA

3880 Dalen - Tlf. 35 07 94 51 - Fax. 35 07 94 59 - Mobil 91 18 37 55

Org.nr. 980 434 249

Til alle eigarane i Sameiet
Hallbjønn Apartement Stølsgrenda

Forretningsfører:
S.A.Lie, Vest-Telemark
Rekneskapservice A/S
E-post: post@vtr.no

Bankgiro: 2685.10.15506
Gjensidige Nor,
Vest-Telemark, Dalen

Dalen, 24/4-2009

PROTOKOLL FRÅ SAMEIGARMØTET 2009

Vedlagt følgjer protokoll frå sameigarmøtet på Hallbjønn 28. mars vedlagt revisjonsmeldinga.

Vi sender eit korrigert fordelingsskjema fordi **likningsverdien var feil i det først utsendte skjemaet !**

UTLEIGE

Utleigestatistikken er ikkje klar ennå. Vi ventar på korrekte bookinglister og avrekningsoppgåver som skal utarbeidast av Club Hallbjønn Telemark. Eigarar som skal ha oppgjer vil få statistikken sammen med oppgjeravrekninga.

Om det fortsatt er eigarar som ikkje har utleigeavtale med Hallbjønn-senteret, men som ikkje brukar ukene sine lengre vil vi oppfordre desse om å melde seg inn på utleigeavtalen. Senteret har i mange periodar for få leilighetsuker disponible for utleige, og om utleigefrekvensen aukar kan eigarane få dekning for ein større del av fellesutgiftene.

INTERESSE FOR Å KJØPE FLEIRE UKEANDELAR ELLER HEIL LEILIGHET ?

Mange eigarar har ønske om å selge ukene sine fordi dei verken besøker Hallbjønnsenteret eller brukar RCI-systemet. På vegne av desse vil vi oppfordre eigarar som kan tenke seg å kjøpe fleire uker eller eventuelt heile leiligheten (som vedkomande allerede har eigarpart i) til å vurdere dette. Dersom dette kan vere aktuelt kan underteikna kontaktast for å få tilsendt eigarliste på den aktuelle leiligheten. Salgsprisen for ukene er ei sak mellom kjøpar og selgar, og Sameiget v/forretningsfører må ha informasjon om eigarskifte. Forretningsfører kan eventuelt også hjelpe til med skriving av skjøte og det kommunale søknadskjemaet om konsesjonsfritak.

Med vennleg helsing
for Sameiet Hallbjønn Apartement Stølsgrenda


Sigvart Asle Lie
Forretningsfører

Sameiet Hallbjønn Apartement Stølsgrenda.

Protokoll frå sameigarmøtet – 28. mars 2009 kl. 13.00

Møtestad : Club Hallbjønn Telemark

Dagsorden:

1. Registrering av frammøtte og fullmakter.
2. Valg av møteleiar, referent og to møtedeltakarar til å signere protokollen.
3. Styrets årsberetning for 2008.
4. Årsregnskapet for 2008 og revisors melding.
5. Budsjett 2009.
6. Val av nytt styre.

- 1) Registrering av frammøtte og fullmakter. Godkjenning av innkallinga.**

Av i alt 516 andelsuker var 153 uker representert ved frammøtte eigarar og ved fullmakter – jfr. vedlegg til protokollen. Møteinncallinga vart godkjent.
- 2) Valg av møteleiar, referent og møtedeltakarar til å signere protokollen**

Til møteleiar vart vald Bjørn Erik Vesterås. Til referent vart vald Sigvart Asle Lie (som også er sameigets forretningsfører). Til å signere protokollen i tillegg til møteleiar og referent vart vald Knut Siljberg og Torbjørn Staaland.
- 3) Styrets årsberetning.**

Styreformann Bjørn Erik Vesterås gjekk gjennom og kommenterte styrets årsberetning for 2008 punktvis. Han orienterte om styrets arbeid med reforhandling av serviceavtalen med Club Hallbjønn Telemark AS for 2009, som i første omgang skal gjelde for 1.halvår. Styret vil prioritere arbeidet med reforhandling av serviceavtalen for dei neste åra.

Det vil ikkje bli gjort noko aktivt frå styret eller Sameiget for å selge eller omdanne andelsuker til heileigde leiligheter, men styret oppfordrar eigarar som eventuelt ønskjer å kjøpe fleire uker om å vurdere å kjøpe ut andre eigarar i leiligheten sin. Eigarar som vil vurdere dette kan kontakte forretningsfører for å få eigarliste.

Utleigefrekvensen for leiligheter og andelsuker i Stølsgrenda har vore skuffande liten det siste året. Noko av dette skuldast at Hallbjønnsenteret har for få leiligheter disponible for utleige i enkelte periodar, og styret oppfordrar alle eigarar som ikkje brukar andelsukene sine sjølv til å melde aktuelle uker inn for utleige. Kontakt forretningsfører for meir informasjon.

For å bidra til å auke bruken av andelsukene kom det forslag om å fastsetje ein spesialpris for intern leige av ukes- og weekendopphald som elles ville stått ledig og ubrukt. Det vart vedtatt at styret skal utarbeide planar for dette og gjere nødvendig avtale med Hallbjønnsenteret. Årsmeldinga vart deretter samrøystes godkjent.
- 4) Årsregnskapet for 2008.**

Årsregnskapet vart gjennomgått og kommentert av forretningsfører og revisors melding vart utdelt og lest av møteleiar. Underskotet vart i 2008 kr 9.554,88 og eigenkapitalen utgjør pr. 31/12-08 kr 160.722,27

Rekneskapen vart deretter godkjent utan merknader.

5) **Budsjett 2008.**

Forslaget til budsjett vart gjennomgått av forretningsfører.

Det vart kommentert at dei kommunale avgiftene har gått opp svært mykje dei siste åra, sjølv om antall hytter tilkople kloaknettet har auka. Kommunens reglar om dekning av sjølvkost er klare og sannsynlegvis svært vanskeleg å klage på. Sameigarmøtet vedtok deretter budsjettet for 2009 slik det var framlagt. Samla utgjær fellesutgiftene for andelseigde leiligheter kr 1.756,- pr. eigaruke.

6) **Val av styre.**

Styremedlem Trond Johansen ville gjerne ha avløyising i styret, og formann og varamedlemmer var i år på valg. Det var ikkje kome inn forslag frå eigarane på førehand og det vart derfor spurt om kandidatar blant møtedeltakarane. Det kom forslag på at Rune Semb rykker opp frå varamedlem til fast styremedlem og at Trond Johansen og Torbjørn Staaland går inn som nye varamedlemer. Bjørn Erik Vesterås sa seg villig til å ta gjenvalg som styreformann. Alle kandidatane sa seg villig til å påta seg verva og vart deretter samrøystes valde.


Det nye styret består nå av :

Bjørn Erik Vesterås	-	styreformann
Knut Siljuber	-	styremedlem
Rune Semb	-	styremedlem
Trond Johansen	-	varamedlem
Torbjørn Staaland	-	varamedlem


Møtet heva kl. 14.30

Etter det formelle møtet ga den nye daglege leiaren, Karstein Hammer, ei orientering om den omfattande opprustinga skitrekket og bakken hadde fått det siste året og eigarane sine planar for nytt bygg med leiligheter for salg med ekstra utleigerom. Senterets restaurant har hatt ei svært god omsetningsutvikling i år og dei vil i sommar bygge om senterbygget og utvide restauranten vesentleg.


Dei er også interessert i å få fleire disponible uker for utleige.



Bjørn Erik Vesterås
Møteleiar



Knut Siljuber



Torbjørn Staaland



Sigvart Asle Lie, referent

Deltakarliste - vedlegg til protokoll frå ekstraordinært sameigarmøte på Club Hallbjønn Telemark 28. mars 2009

Andelseigarar representert på sameigarmøtet :

Frammøtte eigarar:

Torbjørn Staaland	3 uker	
Trond Johansen	3 uker	
Sigvart Asle Lie	5 uker	
Erik Gundersen	7 uker	
Knut Siljuberget	10 uker	
Rune Semb	43 uker	
Bjørn Erik Vesterås	<u>44 uker</u>	Sum 115 uker

Frammøtte v/fullmakt til :

Bjørn Erik Vesterås

Alf G. Navrud	1 uke	
Solfrid og Arild Rekdal	2 uker	
Helge Stalsberg	<u>4 uker</u>	Sum 7 uker

Sigvart Asle Lie

Carin M. Roaldsnes	1 uke	
Birgith Johansen By	2 uker	
Gudmund Bentsen	2 uker	
Johannes Skeie	2 uker	
Christian Moulin	2 uker	
Tom N. Gulbrandsen	3 uker	
Hans Fladsrud	3 uker	
Per Wennesland	3 uker	
Norleiv Austerheim	6 uker	
Ole Johan Weydahl	<u>7 uker</u>	Sum 31 uker

Sum frammøte : 153 uker



Til årsmøtet i Sameiet Hallbjønn Ap. Stølsgrenda

REVISJONSMELDING FOR 2008

Vi har revidert årsrekneskapen for Sameiet Hallbjønn Ap. Stølsgrenda for rekneskapsåret 2008 som syner eit årsunderskot på kr 9.554,88. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapet og føresetnaden om at drifta skal halde fram.

Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysning i notar. Rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg er bruka ved utarbeiding av rekneskapen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, under dette revisjonsstandarder vedteke av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gjev oss den tryggleik vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, rekneskapsprinsippa som er nytta og av vesentlege rekneskapsestimater, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjonen også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontrollsystema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gjev eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit rettvisande bilete av selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2008 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk i Noreg.
- leiinga har oppfylt si plikt til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistent med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Vinje, den 13. februar 2009

REVISORTEAM VEST TELEMARKE AS

Vetle H. Olsnes
reg.revisor